Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Brynet.

Bygdelag: Brunkeberg.

Oppskr. av: Jörgen H. Heggtveit

Gard: Heggtveit.

(adresse): Meås. p.o.

G.nr. 103 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg höyrt av gamle folk og fortelgjarar som eg hev vore til.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Myki av or og talemåtar etter avdöde Halvor J. Heggtveit född 1859.

SVAR

1.) „Steinhögg då sann, Tinndöljå sann, Eidsborgbrynet og for de veit rè sann." Slik hev ein rimsmed skildra brynet, eller brynsteinen frå Eidsborg i Telemark. Brynsteinen er de vanlege navnet på brynet her i bygdi. Or som hein hev dei höyrt gjete men vistnok ikkje vore bruka her. Det vert fortalt i soga um at brynstein var bruka i slaget i Haversfjord. Tvo telar var med og dei ha brynsteinar frå Eidsborg. Steinarne var kasta på finden frå skipi av Harald Hårfagre.

2) No for ti vert det bruka mest slöyt sementstein. Men her er og brynestein frå Eidsborg, dei vert rekna for best. Det er då sarleg mörkblå rendar i dei steinar som er beste bryni. Dei er blautar en dei som ikkje hev rendar. Var brynstein har var det ikkje god egg i ljåen. Det var vistnok ikkje bruka störrè og finne bryne i bygdi det var helst ei rausberging, det var ikkje rette grofet.

307

Det var mange som henta seg bryne
og tok med i skrepporne sine frå
Eidsborg. Sume for då og selde dei
ut att i bygdi. Ein slik ein for
i slutten av 1800 talet. Dei kalla han
for „Brynstein=Aslak." Han var rondt
på garane og selde ljå og bryne, han var frå Øyfjöll.
Prisen frå bryne var etter godleiken.
3. Dei brukar og slipe alle reidskap-
parne sine på slipestein, etterpå
bryner dei eggin med stein.
Det legg seg altid noko ro dei kallar
i eggen på ljåen som dei bryner av.
4) Det er visthok ingen som no liver
som hugsar når dei tonde ljåen.
Men folk fortel at det var smedar
rondt i byggdarne som tønde
dei ut for folk. Dei bruka smio
der lagde dei ljåen på smiostæl og
tønde den ut. Fyre slipesteinarne
kom bruka dei og berre banke ut ljåen,
og brynde eggen i etterpå. All ban-
king på ljåen var gjort når den
fyrst var peta upp i smioavlen.
Når so dei ha slege so lenge til
den var tykk i eggen måtte dei
til smeden på nytt. Smeden
måtte passe vel på at han ikkje
banka etter den kolna av han
konne då slå sprekk i stålet.
Desse ljåane var sprensige og
gode sa dei. Dette var den så-
kalla tønnsleljå. Skjero var
gjort det same med. Derimot siggden

307
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kom seinare i slutten av 1800talet, då den avlöste skjero. Sigden var då slipa egg i på slipesteinen.

5) Dei ha ein stor brynstein liggande ~~på~~ i ein kubbe, der strauk dei reidskapen att og fram. Dette var fyr slipestein var teken i bruk.
Andre skruva Ljåen fast i ei klemme og stod me ein brynstein og brynde eggen i den soleids.
Dette var bruka i 1700 og til langt ut i 1800 talet, då slipesteinan löyste dette av. Der ~~var~~ no alt reidskap slipa på. Slipesteinar var for det meste stöypte, men dei var og hogne ut av naturstein.
At nokon bar med seg stein i slåtten er kje kjent, men ha den på staullen vis der ikkje stod stein frå år til ana.

6.) Som regel slipa dei ein 2-3 Ljåar i ökti, dei slapp då og tyna den so ut at dei måtte sita slipe lenger i neste ökt. Mange av dei gamle gode slåttekaran vilde helst bryne Ljåen med tör stein, for myki bryning med vatn tykna bare Ljåen, så dei. Den heldt lenger ut i bite.

7) Ved sida av brynstein ha dei strukestikka, eit trebryne, som dei drog etter eggen når dei fyrst ha brynt med brynestein. Den beste til å få den kvass var og draga den att og fram


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i ei standstuva, då var den nesten ~~som~~ god som ein brynstein.
Strukestikka var flatvori på både sidor spissa til i eine enden. Det var gjort eit rondt trefőre i den eine enden ~~som~~ ein heldt i onder bryninga.
Strukestikka var gjöymt frå frå det eine året til det andre saman med dei andre slåttegreidorne. Den gjorde tenest i mange år, vis den var laga av eik som den for meste var. Dei laga dei av or og, det var om og gjera at det ikkje var for hart berke i dei. Difor var det slik rift etter jordfonne eikar. Dei ha som regel lege i jorc i fleire århondra, og rotna på. Under vreitegraving og jordyrking kunne dei raka på dei. Dei var då tekne ~~opp~~ og lagde tilsides til strukestikkevne.
8) Under slipingi löyste dei ljåan or orvi főr dei slipa. Den er festa til orvet med ei reim, ljåreimi, kalla som var festa rondt ljåkjögi.
So dreiv dei etter ei bein hell tre-spito som var tykkar i eine enden og spita te som ein blöyg.
Dei såt og heldt eggen av ljåen mot seg når dei slipar, steinen sveiv då til motsat kant. Dei brukar både trå og sveivesteinar.
9) Når dei hev slipa ljåen bryner dei főr dei slår. Stuttőrvljåen held dei med venstre hånd i ljåen



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

(5) 5

stör orvet millom knei, og brynermed högre hånd. Langorven stikk dei i jöri med skaftet og held på same måten som stuttorven.

10) Den koppen som brynsteinen var boren i kallas „skåpp" men og bryns-hcholken. Dei laga den av tre og vikla den inn med naver so den ikkje skulde rotna, og sprekka sund av vata når den stod tom for vatn.

11.) Det er ikkje kjent anan köpp til å bera bryne i enn treskåpp.

12) Dei fleste brukar og henge den i bukselina ved sida av strukestikka på ryggen. Fyr brukа dei å ha ei lær reim rond livet som dei var festa.

13). Til både natur og stöpt stein vart bruka vatn som dei slar i skåppen. Trebryne sand som för nemnt.

14) Det var ingen andre navn på det mjölet som var att i skåpp og slipesteinkupa en „grut"

15) Dei fortel at dei bruka denne gruten til smörging på ringorm, og til skosvarte.

16) Til andre sjukdomar er kje kjent.

17) Det var tvo måtar dei bruka og få brynstein god på, det var og legja den i ei maurtuva og so i jöri. Men dei påstod at den siste måten var best.

18) Att bryni tala er ikkje kjent her i bygdi.

19.) Like eins at dei sa noko då dei brynde

307

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20) Nokor reglor um kvesinga hev ein ikkji höyrt. Men det er eit vers i ein rimstubb som lyar so.

„Du Else Robshus må på deg lea,
då Olav Haugen han stryk på fela.
Dæ va nå plent liksom fuglen flaug
når Olav Haugen på ljåen strauk."

— — —

Ja dette var skikk og bruk av brynet i Kviteseid, Telemark.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
307

Reiskap til bruk under høytonna.




307 Nokre av dei reidskapan som hev vorte brruka her i Kviteseid.